



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Kontakt saksbehandlar

Ørjan Simonsen, 51568905

Uttale til høyring av revisjonsdokument for Ulla-Førre reguleringa

Metoden for miljødesign i regulerte laksevassdrag er godt egna for å finna miljøtilpassa vassføring og tiltak i fleire av dei aktuelle vassdraga i revisjonsdokumentet frå Statkraft. Auka slepp av vatn vil også vere eit viktig tiltak for å betre økologisk tilstand i dei vasskraftpåverka vassførekomstane.

For Statsforvaltaren i Rogaland har Ulla høgaste prioritet i forhold til vassdraga vi meiner må få auka slepp av vatn.

Vi meiner Statkraft må gjennomføra undersøkingar for å finna status for storauren i Tusso og Kvilldalsåna, identifisera flaskehalsar og finna løysingar basert på miljøtilpassa vassføring og miljødesign.

Metoden for miljødesign i regulerte laksevassdrag må også brukast for å finna miljøtilpassa vassføring og tiltak i Førreåna.

Statsforvaltaren støttar Statkraft sitt forslaget om redusert vårflaum i Suldalslågen, men føresett habitatforbetrande tiltak ved planmessig «ripping» av elvebotnen, og at smoltutvandringa vert ivareteke på ein god måte.

Statsforvaltaren støtter forslaget om eit villreinfond. Vi ser det som viktig at konsesjonsvilkåra for Ulla-Førre anlegga vert sett i samheng med konsesjonsvilkåra for dei andre nærliggande vasskraftanlegga, og at ein vurderer konsekvensar og tiltak for heile villreinområdet sett under eitt.

Statsforvaltaren i Rogaland viser til høyring av revisjonsdokument for Ulla-Førre reguleringa i Suldal kommune, Hjelmeland kommune og Bykle kommune, motteke i brev frå NVE datert 05.08.2021. Utsett høyringsfrist til 31.12.2021 er gitt av sakshandsamar hos NVE.



Det er av NVE vedteke at vilkåra for utbygginga av Ulla-Førrevassdraga skal reviderast, etter innsendt krav frå kommunane Hjelmeland og Suldal i Rogaland, og Bykle i Agder. Statsforvaltaren i Rogaland gjer med dette sin uttale til Statkraft sitt revisjonsdokument, eit dokument som gjer eit ryddig tilsvar på kravet frå kommunane, og som er eit godt utgangspunkt for den vidare revisjonsprosessen.

Statsforvaltaren vil gi uttale med utgangspunkt i våre ansvarsområde som er relevante for høyringa:

- Vassføring og fisk
- Landskap, vegetasjon og friluftsliv
- Vann-Nett
- Villrein

Vassføring og fisk

Statkraft er positive til fleire av tiltaka foreslått i kravdokumentet frå kommunane, men ønskjer ikkje tiltak som gjer auka slepp av vatn i vassdraga, med tap av kraft som konsekvens. Meir vatn i einskilde av vassdraga, ser vi likevel som klart naudsynt for å betre forholda for fisk og anna liv i vassdraga. Laks har eit særskilt fokus grunna artens status som ansvarsart for Norge, i tillegg til at det er ein art som i Norsk raudliste for arter 2021 ligger inne som nær trua. Laks er også ein indikatorart, som gir eit bilde på den generelle tilstanden i vassdraget. I tillegg til laks, løfter vi fram storauren som ein art med auka nasjonalt fokus. Storauren og laksen har mange av dei same krava til livsmiljø. Storauren finn ein i Tusso og Kvilldalsåna.

I fleire av dei regulerte vassdraga, vil auka slepp av vatn vere eit viktig tiltak for å betre økologisk tilstand i dei aktuelle vassførekomstane, jf. vassforskrifta. Krav til vassføring er eit sentralt verkemiddel for å ivareta miljøverdiar i og langs regulerte vassdrag. Det er berre i Suldalslågen og Kvilldalsåna det nå er pålegg om minstevassføring. I kravet frå kommunane er miljødesign og miljøtilpassa vassføring ønska metode for å bestemma minimumsvassføringa. Vi meiner at naturgevinsten, ved sjølv ein mindre auke i vassføring samfunnsøkonomisk, vil vege opp for krafttapet. Statsforvaltaren støttar bruk av miljødesign og miljøtilpassa vassføring som metode for å sette lågaste vassføring.

2021–2030 er FN sitt tiår for restaurering. Resultatet av denne vilkårsrevisjonen, kan vise at Norge tek restaurering av øydelagde og skada økosystem på alvor, også når dette får økonomiske konsekvensar. I denne samanheng vil vi også peike på at det dei siste tiåra er registrert eit auka årleg tilsig av vatn i Rogaland, i form av meir nedbør. Dette bør gje større handlingsrom i forhold til meir slepp av vatn i einskilde sentrale vassdrag, så som Ulla.

Ulla

Ulla er heilt øvst på lista til Statsforvaltaren i Rogaland over vassdrag som må få auka slepp av vatn. Klima- og Miljødepartementet løfta Ulla nedre fram som ein vassførekomst med miljømål som kan medføra tap av kraft i sin godkjenning av regionalplan for vassforvaltning i vassregion Rogaland for planperioden 2016-2021. Sjølve regionalplanen har Ulla som høgaste regionale prioritet.

Statkraft argumenterer mot auka slepp av vatn, mellom anna med at bestanden av laks i lakseregisteret er vurdert til svært god, og at vitskapleg råd for lakseforvaltning (VRL) for perioden 2013-2017 har vurdert tilstanden for laks i Ulla som svært god.

Statsforvaltaren støttar kommunane sitt krav om å innføra miljøtilpassa vassføring basert på miljødesign, og fjerning av utvalde tersklar. Dagens vassføring er omtrent 18 % av opphavleg



vassføring, og potensialet for å betra økologisk tilstand og forholda for laksen i Ulla ved å auke vassføringa, er stor.

Som følge av Ulla-Førre reguleringa er 83 % av nedbørsfeltet til Ulla vassdraget overført til Suldalsvassdraget. Fiskebestandane i Ulla er med andre ord utsett for vesentlege effektar av reguleringa. VRL har vurdert laksebestanden i Ulla etter kvalitetsnormen for villaks til «Svært god/god» tilstand (VRL 2020)¹. Tilstanden til sjøaurebestanden i Ulla er vurdert til «Dårleg» og vasskraftregulering og lakselus er peika på som dei to største påverkningsfaktorane (VRL 2019)².

Det er gjennomført habitatkartlegging med flaskehalsanalysar etter miljødesignmetoden for anaerom strekning i Ulla (Kambestad & Hellen 2018)³ og habitatkartlegging av strekning (1,6 km) overfor øvre vandringshinder for laks (Hellen mfl. 2019)⁴. Resultatet av flaskehalsanalysane peiker på at lite vassdekt areal i vekstsesongen, og inntørking av gytegroper om vinteren, er dei to antatt viktigaste hydrologiske flaskehalsane i vassdraget. Begge deler skyldast sterkt redusert vassføring som følge av regulering. Vidare er førekomst av både gyteområde og skjul for ungfisk potensielle habitatflaskehalsar i øvre del. I nedre del er mangel på gytehabitat ein potensiell flaskehals for fiskeproduksjonen. Mangel på skjul og mangel på gytehabitat, skyldast - ifølge rapporten - delvis dei mange kunstige tersklane i elva, som har resultert i tetting av substrat og ugunstige hydrologiske forhold på potensielle gyteområde.

Som følge av klimaendringane, må vi forvente hyppigare tilfelle av ekstrem tørke. Dette vil forsterke verknadene av lite vassdekt areal som flaskehals for fiskeproduksjonen i vassdraget.

Statsforvalteren i Rogaland meiner at resultatane av flaskehalsanalysane understrekar det nødvendige i at det vert fastsett vilkår om minimumsvassføring i Ulla. Vi ser dette som grunnleggande for å kunne drive ei berekraftig forvaltning av bestandane av laks og sjøaure i Ulla i framtida.

Basert på vassføringskurvene hos Kambestad & Hellen (2018)⁵, kan ei minimumsvassføring ved Hauge bru på 0,7 m³/s vere eit naturleg utgangspunkt om vinteren, og 2,0 m³/s om sommaren. Eit prøvereglement på 5 år, ser vi som fornuftig, for å finjustera vassmengdene i tråd med prinsippa for miljøtilpassa vassføring og miljødesign.

Førreåna

I Førreåna er det igjen omlag 11 % av opphavleg vassføring, og flaskehalsanalyse gjennomført av Rådgivende biologer syner at det trengs meir vatn i tørre periodar både sommar og vinter. Vi støttar difor kommunane sitt krav om innføring av miljøtilpassa vassføring basert på miljødesign. Her bør det også ligge inne ein vårflaum under smoltutvandringa. Statkraft sitt forslag om bruk av vatn frå tunnel mellom Kvivatnet og Sandsavatnet, meiner vi er ei god løysing.

¹ Vitenskapelig råd for lakseforvaltning 2021. Status for norske laksebestander i 2021. Rapport fra Vitenskapelig råd for lakseforvaltning nr 16, 227 s.

² Vitenskapelig råd for lakseforvaltning 2019. Klassifisering av tilstanden til 430 norske sjøørretbestander. Temarapport fra Vitenskapelig råd for lakseforvaltning nr 7, 150 s.

³ Kambestad, M. & Hellen, B.A. 2018. Sluttrapport for fiskebiologiske undersøkelser i Ulla 2014-2017. Flaskehalsanalyse og forslag til tiltak. Rådgivende Biologer AS rapport nr 2699, 43 sider.

⁴ Hellen, B.A, Irgens, C., Kambestad, M., Kålås, S., Sikveland, S.E. 2019. Rådgivende Biologer AS Rapport nr 2905, 35 sider.

⁵ Kambestad, M. & Hellen, B.A. 2018. Sluttrapport for fiskebiologiske undersøkelser i Ulla 2014-2017. Flaskehalsanalyse og forslag til tiltak. Rådgivende Biologer AS rapport nr 2699, 43 sider.



Tusso

I Tusso er det igjen 20-25 % av opphavleg vassføring. Det er storaure og laks i vassdraget.

Statsforvaltaren støttar kommunane sitt krav om innføring av miljøtilpassa vassføring basert på miljødesign, ikkje minst med tanke på storauren. Statkraft må gjennomføra undersøkingar for å finna status for storauren i vassdraget, identifisera flaskehalsar og finna løysingar basert på miljøtilpassa vassføring og miljødesign.

Tusso er eit regulert sidevassdrag til Årdalsvassdraget som renner ut i innsjøen Øvre Tysdalsvatn. Tusso har ein anadrom strekning på om lag 1,5 km, med funksjon som gyteområde og oppvekstområde for både laks og aure i vassdraget. Øvre Tysdalsvatn er ein av dei største innsjøane i Rogaland, og saman med Suldalsvatnet er Øvre Tysdalsvatn ført opp som dei einaste innsjøane i Rogaland med førekomst av storaure (Garnås m.fl. 1996)⁶. Tusso er den viktigaste gyteelva for innlandsaure i Øvre Tysdalsvatn, og dermed også det viktigaste gyteområdet for stammen av storaure. Frå lokalt hold er det opplyst at det er tatt storaure på 10 kg i Øvre Tysdalsvatn, og at det årleg vert fiska aure på 5 kg. Det er likevel ikkje gjort vitskaplege undersøkingar av storaurebestanden i vassdraget etter oppdaterte definisjonar og kriteria jf. rapporten *Storørret i Norge* (Museth m.fl 2018)⁷.

I Miljødirektoratet sitt forslag til strategi for bevaring og utvikling av bestandane av storaure (Gladsø mfl. 2020)⁸ er Tysdalsvatnet ført opp blant usikre storaurelokaliteter der vitskapleg dokumentasjon framleis er mangelfull. Desse lokalitetane gis likevel stor verdi inntil status er avklart. Vi vil her påpeike at Miljødirektoratet ved ein feil har oppgitt innsjønummer for Nedre Tysdalsvatn, og ikke Øvre Tysdalsvatn, i strategirapporten for storaure (Gladsø mfl. 2020).

Statsforvaltaren i Rogaland meiner det trengs eit betre kunnskapsgrunnlag for storaurebestanden i Øvre Tysdalsvatn, og for Tusso sin økologiske funksjon for storaure og laks. Det trengs og betre kunnskap om korleis vassdragsreguleringa har påverka livsvilkåra for storaure og laks i vassdraget, og korleis omsynet til storaure og laks kan sikrast gjennom nye krav til regulant i revisjonsprosessen.

Det er kjent frå litteraturen at tilgangen til gyteområde, og kvaliteten til desse med tanke på både vassføring og substrat, samt tilgangen til byttefisk av rett størrelse, er kritiske faktorar for framveksten av storaure (Museth m.fl. 2018). Ei berekraftig forvaltning av storauren er avhengig av ein heilskapleg økosystemtilnærming som tar vare på eller restaurerer miljøet som skaper storauren (Gladsø mfl. 2020)⁹. Tilgang på eit minimum av vatn er alltid ein kritisk faktor for livet i innsjøar og elver. Som følge av klimaendringane forventar vi meir nedbør, men også meir tørke. Ei framtid med hyppigare tilfelle av ekstrem tørke understrekar behovet for sikring av eit minimum av vassføring i tidlegare regulerte vassdrag, så som Tusso.

⁶ Garnås, E., Hegge, O., Kristensen, B., Næsje, T., Quenild, T., Skurdal, J., Veie-Rossvold, B., Dervo, B., Fjeldseth, Ø og Taugbøl, T. 1996. Forslag til forvaltningsplan for storørret. - Utredning for DN 1997-2.

⁷ Museth, J., J., Dervo, B., Brabrand, Å., Heggenes, J., Karlsson, S. & Kraabøl, M. 2018. Storørret i Norge – definisjon, status, påvirkningsfaktorer og kunnskapsbehov. [NINA Rapport 1498](#). Norsk institutt for naturforskning.

⁸ Gladsø, J.A., Fjeldseth, Ø., Hegge, O., Jørgensen, F., Knapp, A. Kroglund, F., Museth, J., Ravneberg, E., Ødegård, F.E., Dervo, B.K. 2020. Forslag til strategi for bevaring og utvikling av bestandene av storørret. [Miljødirektoratet M-1786/2020](#), 50 sider.

⁹ Gladsø, J.A., Fjeldseth, Ø., Hegge, O., Jørgensen, F., Knapp, A. Kroglund, F., Museth, J., Ravneberg, E., Ødegård, F.E., Dervo, B.K. 2020. Forslag til strategi for bevaring og utvikling av bestandene av storørret. [Miljødirektoratet M-1786/2020](#), 50 sider.



For å få ei berekraftig forvaltning av storauren i Øvre Tysdalsvatn, er det viktig at det gjennom denne revisjonsprosessen vert etablert måling av vassføring. Det må så sikrast ei miljøbasert vassføring som i størst mogleg grad er tilpassa storauren og laksen sine livsvilkår. Hensiktsmessige habitatforbetrande tiltak må gjennomførast etter at størrelsen på vassføringa er fastsett. Habitattiltak kan ikke erstatta grunnleggande tiltak som etablering av minimumsvassføring i elver.

Statkraft skriv at det er gjort biologiske undersøkingar i Tusso med referanse til Sægrov mfl. (2020)¹⁰. Denne kjelda gjelder eit vassdrag i Sogn og Fjordane. Det vert gjort årlege ungfiskundersøkingar i Årdalsvassdraget, som normalt inkluderer stasjoner i Tusso. Av ulike grunner er Tusso ikkje undersøkt sidan 2018 (Ledje 2019¹¹, Randulff & Ledje 2020¹²). Overvakinga viser varierende tettleik av laks og aure i Tusso. Vidare er det gjort drivtelling etter gytefisk av laks i Tusso i 2008 (Sægrov 2009)¹³, 2009 og 2012 (Lehmann mfl. 2013)¹⁴. Resultata viste lite gytefisk av både laks og aure. I 2012 vart det gjennomført habitatkartlegging av Årdalsvassdraget, inkludert Tusso (Lehmann mfl. 2013). Statsforvaltaren kjenner ikkje til at det er gjennomført flaskehalsanalyse som inkluderer vassføring i Tusso jf. metode for miljødesign i regulerte vassdrag.

Den veletablerte metoden for miljødesign i regulerte laksevassdrag (Forseth & Harby 2013)¹⁵ er egna for å finna miljøtilpassa vassføring og tiltak i Tusso. Det er nødvendig å etablere ein stasjon for måling av vassføring i Tusso som kan brukast som grunnlag for analysane. Fram til dette er gjort, meiner vi at ein minstevassføring tilsvarande Q95 kan brukast.

Suldalslågen

Statkraft foreslår å endra manøvreringsreglementet for Suldalslågen, ved å redusere vårflaumen i april frå 200 m³/s til 100 m³/s. Statsforvaltaren i Rogaland støtter dette forslaget, men føresett at smoltutvandringa vert ivareteke på ein god måte, og at vårflaumen vert fagleg vurdert i forhold til sedimentering og tiltaket med «ripping».

Vi ser at dagens vårflaum ikkje har gitt ønska effekt. Elvebotnen er klogga, og gror igjen. Med auka fokus på habitattiltak, ser vi at forholda for laks og anna liv i vatnet vil kunne betrast i forhold til dagens tilstand. Det viktigaste habitattiltaket i sjølve lågen, vil vere å gjennomføre ein planmessig «ripping» i heile elvas lengde. «Ripping» meiner vi bør inn som eit krav i konsesjonen. For sidevassdraga, er det naturleg at det med nye naturforvaltningsvilkår, vil vere mogleg å sette krav om andre, eigna habitattiltak.

Den auka mengda med kraft som følgje av redusert vårflaum i Suldalslågen, meiner vi kan sjåast på som eit pluss inn i rekneskapen der det i andre vassdrag går i minus grunna auka slepp av vatn.

¹⁰ Sægrov, H., C. Irgens, M. Kambestad, S. Kålås, T.T. Furset & K. Urdal, K. 2020. Fiskeundersøkingar i Årdalsvassdraget i Sogn og Fjordane. Årsrapport 2019. Rapport 3163. Rådgivende Biologer AS.

¹¹ Ledje, U. P. 2019. Ungfiskundersøkelser i Årdalsvassdraget november 2018. Ecofact rapport nr.: 653

¹² Randulff, S.T. og Ledje, U. P. 2021. Ungfiskundersøkelser i Årdalsvassdraget november/desember 2020. Ecofact rapport nr. 811. 42 sider.

¹³ Sægrov, H. 2009. Status for laks og sjøaure i Årdalsvassdraget, Ryfylke, i 2008. Rådgivende Biologer rapport nr 1166, 62 sider.

¹⁴ Lehmann, G., B. Wiers, T., Skår, B., Pulg, U., Normann, E., S., Gabrielsen, S.-E., Halvorsen, G., A. & Eriksen, K., S. 2013. Undersøkelser og tiltak i Årdalselven, 2011-2012. UNI Miljø, LFI-rapport 208. 77 sider.

¹⁵ Forseth, T., & Harby, A. (red.) 2013. Håndbok for miljødesign i regulerte laksevassdrag. CEDREN – Center for Environmental Design of Renewable Energy. – [NINA Temahefte 52](#), 90 sider.



Mosåna

Mosåna er kalka med doserar, for å betre tilhøva for anadrom fisk i vassdraget. Vassføringa i nedre del må sikrast ved innføring av miljøtilpassa vassføring basert på miljødesign. Når vassføringa er sikra, er det aktuelt med grusutlegg for å betre levevilkåra for fisk og andre vasslevande dyr.

Kvilldalsåna

Kvilldalsåna har minstevassføring, men det er lite vatn i nedre delar i tørre periodar. Dette kan vere negativt for laksen og storauren i vassdraget. Statsforvaltaren støtter Statkraft sitt forslag om å auke kunnskapsgrunnlaget for storauren i vassdraget før tiltak i form av vilkår vert sett i verk. Kunnskapsgrunnlaget må innehalde ein flaskehalsanalyse.

Innlandsfisk

Statsforvaltaren har sektoransvar for innlandsfisk i regulerte vassdrag. Kommunane har kome med krav om prøvefiske i Blåsjø, Gravetjørn og Krossvatn, som i ettertid må følgast opp av tiltak for å betre fiskebestandane.

Statkraft har ikkje merknader til at dagens naturforvaltningsvilkår vert oppdatert og supplert. Samstundes meiner dei at det er heimel for dette kravet i noverande konsesjonsvilkår.

Vi støttar kravet frå kommunane, og meiner målet må vere sjølvreproduserande stammar av innlandsaure, og utsett av fisk der dette ikkje er mogleg. Ein naturleg frekvens på fiskeundersøkingar er kvart 6. år, slik at ein følger rytmen til vassforvaltningsarbeidet med planperiodar på seks år.

Landskap, vegetasjon og friluftsliv

Kviåna

Kviåna er tørrlagt store delar av året, grunna tapping av Kviavatnet. Vatnet går i tunnel til Stølsdalen pumpekraftverk. Kviåna ligg i Vormedalsheia landskapsvernområde, og vassføring vil gje tilbake eit viktig landskapselement i landskapsvernområdet. Statkraft har rekna krafttap ved slepp i perioden 1. mai – 1. oktober, dvs. 22 veker. Ved slepp i perioden 15. juni – 15. august, dvs. 8 veker, vil krafttapet reduserast betydeleg i forhold til slepp i 22 veker.

Mosvatnet v/ Gullingen

Statsforvaltaren meiner det er hensiktsmessig å få ein formalisert avtale knytt til fylling av Mosvatnet på minst 517,2 m.o.h. fram til leirskulens haustaktivitet er avslutta.

Storåna v/ Mostølen

Kommunane har kravd minstevassføring og fungerande tersklar i Mostølområdet. Vi meiner at Statkraft i første omgang må bli pålagt å gjennomføra ei undersøking som ser på korleis ein kan betre landskapsbildet knytt til dei regulerte elvene i Mostølområdet. Dette bør skje sommaren 2022, slik at resultatata kan brukast i den vidare revisjonsprosessen.



Bekkar i Strandalane – Eivindsåna, Steinsvikbekken og Dørlevassbekken

Strandalane naturreservat vart oppretta i desember 2017. Føremålet med vernet, er å bevare eit stort samanhengande skogsområde med bratte skoglier frå lågland til fjells som er lite prega av nyare inngrep. Statsforvaltaren meiner Statkraft må få eit pålegg om å undersøke dei aktuelle bekkane for å finne ut kva betyding kraftutbygginga har på artsmangfaldet, og kva ein kan oppnå ved miljøtilpassa vassføring. Deretter kan ein gjerne rekne på det prosentvise krafttapet for kvar bekk sett opp mot total produksjon, for så å sjå på kva for bekkar som vil ha størst miljøgevinst ved slepp av vatn.

Vann-Nett

I vassforskrifta § 15 står det: «Statsforvalteren som miljøfaglig ansvarlig og rådgiver har ansvaret for å oppdatere kunnskapsgrunnlaget i Vann-Nett, i samråd med berørte sektormyndigheter, fylkeskommuner og kommuner.» Dette er eit kontinuerleg arbeid, og vi har i arbeidet med denne høyringa sett at det låg inne feil i Vann-Nett. Dette er det nå retta opp i. Endringane gjeld for vassførekomstane 036-81-R Kvilldalsåna nedstrøms inntak Kvilldal kraftverk og 033-189-R Tusso. For begge vassførekomstane har vi endra dagens økologiske potensial frå god til moderat. Det er behov for auka kunnskap om storauren i Kvilldalsåna og Tusso, og kunnskapsgrunnlaget må innehalde ei flaskehalsanalyse med forslag til tiltak. Det er når denne føreligg, og alle aktuelle tiltak iverksett, at Statsforvaltaren igjen kan sette tilstanden til godt økologisk potensial.

Villrein

Konsesjonen rører ved særst viktige leveområde for villrein i Norge, ein art som i Norsk raudliste for arter 2021 ligger inne som nær trua. Utvekslinga av individ mellom dei nordlege og sørlege delane av villreinstamma i Setesdal – Ryfylke, er i praksis stansa. Dette gjer at vi nå har to delbestandar av rein i området. Situasjonen for villreinen i området er godt beskrive av Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, og vi vil berre gå rett på avbøtande villreintiltak vi meiner må med inn i revisjonen for Rogaland sin del.

Flytting av Stavanger turistforening sitt hytte- og løypenett

For å dempe påverknad frå fotturismen i Steinbuskardområdet (Agder), bør Stavanger turistforening sitt hytte- og løypenett flyttast frå austsida av Blåsjømagasinet, og over til vestsida. Ei slik omlegging vil innebere riving av turisthyttene Storsteinen, Hovatn, Vassdalstjørn og Krossvatn. Krossvatn vil bli bygd opp igjen ved Vestre Kaldevatn, midtvegs på løypa mellom Jonstøl og Stranddalen, mens ei ny turisthytte vil bli bygd sør for Førrevassdammen. I tillegg må turisthyttene Eidavatn og Litle Aurådal rustast opp for å ta imot større trafikk. Vi er klar over at dette vil kunne vere utfordrande i høve dei tradisjonelle friluftslivtradisjonane i fjellet, og at det derfor må arbeidast for ein best mogleg alternativ løysing for ferdselsmønsteret.

Stenging av anleggsveg og opning av tunell på strekninga Øvre Moen-Oddatjønndammen

Dagens bruk av anleggsvegen i perioden 25. juni – 1. oktober, stenger villreintrekket mellom Odden og Drakeheia. Ved å opne vegtunnelen som går parallelt med denne anleggsvegen, vil villreinen sin moglegheit til å trekke lokalt verta betydeleg betra.

Vi ser det som viktig at konsesjonsvilkåra for Ulla-Førre anlegga vert sett i samheng med konsesjonsvilkåra for dei andre nærliggande vasskraftanlegga, og at ein vurderer konsekvensar og tiltak for heile villreinområdet sett under eitt. Vi støtter forslaget om eit villreinfond, for å finansiera naudsynte utgreiingar og gjennomføring av prioriterte avbøtande tiltak i heile villreinområdet.



Konklusjon

Statsforvaltaren i Rogaland ser på høyringsdokumentet frå Statkraft som eit ryddig tilsvar på kravet frå kommunane, og eit godt utgangspunkt for den vidare revisjonsprosessen.

Meir vatn i einskilde av vassdraga, ser vi som naudsynt for å betre forholda for fisk og anna liv i vassdraga. Ulla har høgaste prioritet i forhold til vassdrag vi meiner må få auka slepp av vatn.

Det trengs eit betre kunnskapsgrunnlag for storaurebestanden i Øvre Tysdalsvatn og Tusso, samt Suldalsvatnet og Kvilldalsåna. Metoden for miljødesign i regulerte laksevassdrag er egna for å finna miljøtilpassa vassføring og tiltak i vassdrag både med storaure og laks.

For villreinen, ser vi det som viktig at konsesjonsvilkåra for Ulla-Førre anlegga vert sett i samanheng med konsesjonsvilkåra for dei andre nærliggande vasskraftanlegga, og at ein vurderer konsekvensar og tiltak for heile villreinområdet sett under eitt. Vi støtter forslaget om eit villreinfond.

Med helsing

Lone Merethe Solheim
ass. statsforvaltar

Marit Sundsvik Bendixen
fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Suldal kommune	Eidsvegen 7	4230	Sand
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130	Hjelmeland
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger